

| SELJORD KOMMUNE | |
|---------------------------|-------------------|
| År/Saksb. 2012/930 | Dok.nr. 34 |
| 10 AUG 2017 | |
| Saksb. Tone | Grad |

Seljord kommune

3840 SELJORD

Seljord 10.08.2017

Revisjon av konsesjonsvilkår Sundsbarm og regulering av Seljordsvatnet.

Eg viser til tidlegare brev av 25.8 2011, og 16.03-2013, og reknar med at desse breva er lagt ved sakspapira frå kommunens side.

For sikkerhets skuld sender eg likevel med desse breva, slik at vi blir informert når det skal vera synfaring.

På førehand takk.

Beste helsing



Sigmund Telnes

Seljord kommune
v/ordføreren

Telnessanden, 25.08.2011

Flaumtilhøve i Seljordsvatnet

Det er med stigande uro vi har registrert korleis regn og urolege værtilhøve har forverra situasjonen for reiselivsbedriftene rundt Seljordsvatnet dei siste åra.

Den relativt høge vannstanden i sommarmånadane er til stor ulempe for oss.

Ein ringerunde med dei andre reiselivsbedriftene som ligg rundt Seljordsvatnet, viser at alle er bekymra for denne tilstanden.

Serleg for oss som satsar på dei fine badestrendene vi har å tilby. I store delar av juli hadde vi ikkje badestrand der folk kunne opphalde seg. Også P- plass og aktivitetsområde og teltplassar låg under meir enn ein meter vatn. Allmenhetens tilgang til badestrender og friluftsområder blir sterkt forhindra. Dette må kunne gje opphav til erstatningskrav.

Dette er ein heilt uholdbar situasjon og kan ikkje fortsette utan at det skaper store problem for drifta av plassen. Det er umogleg å ta imot bestillingar og iverksetta samlingar og arrangement der ein ikkje veit om ein har arealet tilgjengeleg til eikvar tid.

Dei siste 3 åra har vore ille, og det toppa seg i år med ein vannstand i juli som er den høgaste i manns minne.

Dette skuldast ikkje bare mykje regn. Det skuldast også styringa av vannstanden i Seljordsvatnet og luka i Hagadrag, ved utløpet av Seljordsvatnet.

For nokre år sidan forandra regulanten på styringsregimet for denne luka. Istaden for å justere luka slik at en prøvar å halde seg nærmast mogleg normalvannstanden, har dei nå bestemt at luka skal vera stengt heile sommaren uansett høgde på vatnet. Dette medfører ei maksimering av vannstanden ved flaum, og at vannstanden brukar lenger tid på å koma tilbake til normalt. Dette merkast svær tydleg nå i sommar.

Dersom Sunnsbarm i tillegg kjører, vil tilsiget sørge for at det er ein permanent flaumvasstand i Seljordsvatnet.

Vi ber om at Seljord kommune iverkset tiltak for å få rette på dette.

Vi må kunne håpe på at ei bedrift som Skagerak energi, med 1,6 milliardar i overskot siste året, har råd til den ekstra kostnaden det er å vera litt meir aktiv med lukereguleringen.

Dei bør i allefall vera pliktige til å halde bedriftene mest mogleg skadeslause for konsekvensane av at dei gjerne vil tene ekstra pengar

Også for Bø kommune må det vera ein fordel at badestrendene på Telnessanden er attraktive for badegjester.

Nå håpar eg at Seljord kommune tek opp desse problema med rette vedkomande, for å koma til eit resultat som gjer det mogleg med litt meir forutsigbar drift.

På førehand mange takk.

Beste helsing

Telnessanden Camping og Friluftssenter
v/ Sigmund Telnes

Seljord kommune
v/ ordføreren

Telnessanden, 16.03.2013

3840 Seljord

Regulering av Seljordsvatnet

I samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for regulering av vasstanden i Seljordsvatnet, vil vi som driv reiselivsbedrifter langs Seljordsvatnet gjerne koma med nokre synspunkter.

Viser til tidlegare brev av 25.08.2011 som ligg ved.

Etter at luka som regulerer vasstanden i austenden av Seljordsvatnet blei bygd om på 1980 talet, har regulanten, Bø kommune, fått eit betre instrument å justere vatnhøgda med. Dei fyste åra gjekk det greit å kommunisere med dei som styrte luka, slik at ulempene med flaum blei redusert til et minimum. Då kunne ein senke luka på førehand, dersom det var flaum i vente.

Men etterkvart utover på 90talet vart det vanskelegare og vanskelegare å få til eit godt samarbeide. Av ulike årsaker som ein bare kan spekulere i.

Regulanten forandra styringsregime og insisterte på at luka skulle vera stengt om sommaren. Det var ikkje mogleg å få luka ned sjølv om ein såg at komans nedbør ville skape problem innan kort tid.

Faktum er at når vannstanden er så høg som den har vore dei seinare åra, er badestranda på Telnessanden borte og det er ingen plass for badegjestene å opphalde seg eller parkere.

Dei som tidlegare kom frå nærliggande reiselivsbedrifter, måtte snu og reise tilbake.

Ofte var då einaste alternativ Sommarland eller Gullbring.

Slik klimaet har utvikla seg dei siste åra, kan vi ikkje bare la ting skure. Ein vannstand som vi har hatt dei siste åra, gjer drifta ved mange reiselivsbedrifter rundt Seljordsvatnet svært vanskeleg. Telnessanden camping og friluftssenter blir svært hardt ramma avdi svært store og sentrale areal blir neddemt. Den offentlege badestranda blir utilgjengeleg for folk og det er umogleg å planlegge arrangement og treff på området.

Då vi planla og bygde ut området fyllte vi opp etter gjeldande reg plan og historisk nivå på Seljordsvatnet-

Bø kommune sin konsesjon inneber at dei kan regulere vannstanden ned ½ m under normalvannstanden, og eg er usikker på om dei også kan regulere ½ m opp.

Det som er viktig nå er å finne ut kva som er utgangspunktet for denne reguleringa. Kva er historisk normalvannstand? Tidlegare rekna ein at Seljordsvatnet låg på 116 meter. Dei siste åra kan det tyde på at denne har blitt litt høgare enn før.

I vinter har vi registrert verdiar på 116,70- 116,90 utan at vi har forstått at det må vera så høgt.

Vil ein freista å instituere ein høgare "normalvasstand" for å kunne fylle meir vatn i Seljordsvatnet?

Kan toppen av luka koma over det som var den naturlege normalvasstanden? I så fall vil den heve normalvasstanden på ein kunstig måte.

Når vi har klaga på at vatnet er for høgt og ber om at luka bør senkast, seier operatøren at dei ikkje får lov å senke luka. Regulanten skuldar på at det er flaumen som gjer vannstanden så høg, så dei vil ikkje senke luka sjølv om vasstanden er langt over 1 meter over normalvasstanden. Det er ikkje dei si skuld at vatnet er så høgt, det er flaumen.

Dette minner meg om han som kjørde bil i motvind. Han måtte trykke litt ekstra hardt på gasspedalen for å halde bilen i 80km/t. Etter ei stund så snudde vinden. Han fekk medvind, men slakka ikkje av på gassen med den konsekvens at farten auka til over 90 km/t. Det gjekk ikkje betre enn at han kom i fartskontroll. Då skulda han på vinden. Så kan du lure på om han slapp fartsbot.

Det bør vera klart at å halde luka på topp er med å forverre flaumtilstanden, og det burde vera mogleg å vera meir proaktiv med omsyn til å redusere skadeverknadane av desse flaumane.

Når det gjeld minstevassføringa i Bø elva, gjeng eg ut frå at den er sikra. Så lenge ein kjører Sundsbarmkraftstasjon, vil det vera gjevnt tilsig ut i Seljordsvatnet, og det bør ikkje vera noko ulempe for Bø-elva at Seljordsvatnet held seg på normalt nivå.

Enten må luka styrast meir aktivt, eller så må dei som har økonomiske fordelar og interesser av å ha høgt vassnivå i Seljordsvatnet vera med å koste heving av grunn og utbetringar som kan dempe dei skadelege verknadane.

Vi skjønar at det er mange grunnar for å regulere vatnet på ymse måtar.

Men dei som det går ut over, bør bli haldne mest mogleg skadeslause.

Det finst tiltak som kan rette på ulempene, men dei ligg utanfor den enkelte reislivsbedrifts økonomiske bereevne.

Her bør det offentlege og kraftselskapa med milliardar i overskot stille opp.

Dette kan vi kom nærmare attende til seinare. Noko må gjerast

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeide.

Beste helsing

For reislivsbedriftene rundt Seljordsvatnet


Sigmund Telnes


Kopi : Jørn Ingar –Sanda

Reinessanden
camping & friluftssenter

3840 Seljord - Tlf. 35 05 29 90
Org.nr. 948 554 607 - Fax 35 05 29 65

Flom





Flom

Reiðmessanden
camping & friluftsentre

3840 Seljord - Tlf. 35 05 29 90
Org.nr. 948 554 607 - Fax 35 05 29 65



Regent
Kamp & Jørgensen
5800 Skjold - Tlf. 35 05 29 90
Reg. nr. 928 554 607 - Fax 35 05 29 65

Normal strand